

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.03.2017

Vår ref.: 201303334-14, 201204525-20, 201300241-18

Arkiv: 312 / 033.BA1

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Helen Nathalie Liebig-Andersen 22959895

Erlend Støle Hansen 22959826

Clemens Kraft AS – Tre søknader om løyve til bygging av småkraftverk i Hjelmeland og Forsand kommuner i Rogaland – høyring

NVE har motteke tre søknadar frå Clemens Kraft AS om løyve til å byggje tre småkraftverk i Hjelmeland og Forsand kommuner. Søknadane skal bli handsama samtidig og samla belastning for området skal bli vurdert. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

Storåna kraftverk

Storåna kraftverk vil nytte eit fall på 275 meter i Storåna mellom kote 415 og 140. I tillegg skal Hiavatnet regulerast med 1,5 m mellom kote 413,1 og 414,6. Vassvegen på 2500 meter leggst i sprengt tunell. Det er behov for om lag 100 meter ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. Middelvassføringa i Storåna er 2,42 m³/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne på 4,1 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 9,5 MW og etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 39,9 GWh. Utbygginga vil føre til ytterligare redusert vassføring på ei om lag 2,8 km lang strekning i Storåna, som allereie har redusert vassføring frå utbygginga av Lysebotn kraftverk. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 86 l/s i Storåna heile året.

Lyngsåna kraftverk

Lyngsåna kraftverk vil nytte eit fall på 270 meter i Lyngsåna mellom kote 400 og 130. Vassvegen blir en kombinasjon mellom 1250 m tunell og 150 m nedgrave røyr. Det er behov for om lag 100 meter ny veg som tilkomst til inntaket, og 450 meter ny veg med bru fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa i Lyngsåna er 1,7 m³/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne på 4,3 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 9,5 MW og etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 28,4 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei om lag 1,5 km lang strekning i Lyngsåna, som allereie har redusert vassføring frå utbygginga av Lysebotn kraftverk. Det er planlagt slepp av minstevassføring i Lyngsåna på 212 l/s i perioden 1.5-30.9 og 127 l/s resten av året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Sandvassåna kraftverk

Sandvassåna kraftverk vil nytte eit fall på 130 meter i Sandvassåna mellom kote 610 og 480. I tillegg skal Sandvatnet regulerast med 0,4 m mellom kote 609,6 og 610. Vassvegen blir en kombinasjon mellom 680 m tunell og 1000 m nedgrave røyr. Det er behov for om lag 430 meter ny veg som tilkomst til kraftstasjonen og 680 m midlertidig anleggsveg langs røyrkata. Middelvassføringa i Sandvassåna er 1,92 m³/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 4,8 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,5 MW og etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 15,7 GWh. Utbygginga vil føre til ytterligare redusert vassføring på ei om lag 2 km lang strekning i Sandvassåna. Det er planlagt slepp av minstevassføring i Sandvassåna på 238 l/s i perioden 1.5-30.9 og 143 l/s resten av året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Dei tre søknadane er siste halvdel av den varsla Hjelmelandspakka med totalt 6 søknadar om bygging av småkraftverk i Hjelmeland kommune. Tidligare har NVE behandla søknadane om bygging av Sagåna, Kreppingdalen og Øvre Ullestadåna kraftverk. Det blei gjeve konsesjon til alle tre i desember 2016. Kartet som er vedlagt viser alle dei 6 sakene.

Søknadene skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknad om bygging av Sandvassåna kraftverk med reguleringa av Sandvatnet skal også handsamast etter vassdragsreguleringslova. Alle søknadene skal vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknadene med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

I samband med søknadane vil NVE arrangere **eit offentleg folkemøte på Høiland Gard i Årdal onsdag 26.4.2017 kl. 19.00**. Her vil søkjar informere om prosjekta i Hjelmeland og Forsand, og NVE vil orientere om behandlinga av søknadane. Det vil vere anledning til å stille spørsmål.

NVE ber Hjelmeland kommune leggje to eksemplar av søknadene ut til offentleg ettersyn på kundesenteret på kommunehuset fram til **7.6.2017**. NVE ber Forsand kommune leggje to eksemplar av søknaden om Sandvassåna kraftverk ut til offentleg ettersyn på servicetorget på kommunehuset. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **7.6.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.



Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Erlend Støle Hansen
Helen Nathalie Liebig-Andersen
overingeniørar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Orientering til høyringspartane
 Kunngjering
 Kart småkraftpakke Hjelmeland

Mottakerliste:

Arent Greve
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forsand kommune
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Fylkesmannen i Rogaland
Hjelmeland Jakt og Fiskelag
Hjelmeland kommune
Hjelmeland turlag
Lyse Elnett AS
Lyse Produksjon AS v/Ole Morten Svendsen
Naturvernforbundet i Rogaland
Norges Miljøvernforbund
Norges Padleforbund
Norsk Ornitologisk Forening Rogaland
Rogaland fylkeskommune
Ryfylke friluftsråd
Setesdal-Ryfylke Villreinområde
Statens Vegvesen - region vest
Statnett SF
Stavanger Turistforening Hovedkontor

Kopi til:

Clemens Kraft AS v/Magnhild Roe